

STIFTELSEN NORSK HJORTESENER
Kvalstad
6914 SVANØYBUKT

Dato: 10.06.2016
Vår ref.: 2016/12-33
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 16SE2E50:

Att. Johan Trygve Solheim

Tilskotsordning for viltformål 2016 - Avslag på søknad om tilskot - Handbok i praktisk hjorteforvaltning

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde tiltak, datert 15.01.2016. Søknaden vart fremja i det nettbaserte søknadssystemet til Miljødirektoratet, der søknaden har referansenummer 16SE2E50.

Vi må diverre melde avslag på søknaden.

Grunngjeving

Fylkeskommunen mottok i år i alt 17 søknader om tilskot til viltformål, med samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunen på kr 848.950, mot samla tildeling til Hordaland fylkeskommune i 2016 på kr 400 000. Fordelinga av tilskot til omsøkte vilttiltak i 2016 vart gjort på møtet i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 10.05.2016, sak PS 73/2016. Saksframlegget inneheld blant anna oversikt over søknader og søknadsvurderingar. Sjå saksframlegget og vedtak frå møtet via lenkja: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=424>. Lenkje til saksframlegget: <http://bit.ly/1t7SZzK>
Lenkje til saksprotokoll med vedtak: <http://bit.ly/1OcRNVN>

Klage og partsinnsyn

Vedtak om heilt eller delvis avslag kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå motteke brev. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva tiltak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte sakshandsamar Jomar Ragnhildstveit, e-post: jomar.ragnhildstveit@hfk.no eller telefon 55 23 93 08.

Vi ønskjer lukke til med vidare arbeid!

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.